

***Mot eit nytt og ukjent land
på den andre sida av havet***





Gustav Wentzel budde på Kvarberg i Vågå da han måla "Utvandrere" i 1900. Mest kvar dag var han vitne til slike følgje med folk på veg frå armoda i Ottadalen til det store og ukjente i Amerika. Hovudvegen gjekk den gongen gjennom tunet på Nigard Kvarberg. Foto: O. Væring Eftf. AS



Mot eit nytt og ukjent land på den andre sida av havet



Per Visdal på treske-maskina på farmen Nord Dakota rundt 1900. Per var son til Tord O. Galde og Eirik Eirikson Bakkeberg. Foto utlånt av Gerd Stee.

Det er i desse tider om lag 150 år sia dei fyrste ottadølane sette kursen over havet mot Amerika. Dette vart starten på ei heil folkevandring frå Skjåk, Lom og Vågå mot eit nytt og ukjent land på den andre sida av Atlanteren.

Kva var det som fekk alle desse menneska til å bryte opp frå heimbygdene og leggje ut på den lange og harde reisa til Amerika? Korleis greidde mange av dei fattigaste å skaffe midlar til reisa? Korleis gjekk reisa mot det ukjente føre seg? Korleis greidde dei seg? Kva for tilknytning har etterkomarane etter ottadølane i Amerika til Norge og Ottadalen i dag? Spørsmåla er mange.

I denne temadelen vil vi prøve å gje eit innblikk i den store amerikautfarten frå Ottadalen. Dette er eit omfattande emne med uendelege mengder av kjelder. Vi vil her gje ein smakebit og kanskje litt meir kunnskap om den store folkevandringa frå Ottadalen.



Utvandringa frå Ottadalen starta alt på slutten av 1700-talet. Storofsen i 1789 hadde gjort stor skade, og det var mykje naud og ikkje lett å skaffe mat til dei store ugeflokkane. Mange reiste derfor til "Nordlandene og det Nordenfjeldske" for å skaffe seg ein betre kvardag. Andre reiste til Trøndelag eller til Vestlandet. "Grønåra" (froståra) i 1812 og 1813 og fleire uår seinare på 1830-talet gjorde situasjonen fortvila for mange. Frå rundt 1830 vart det skikkeleg fart på denne trafikken, som likevel ikkje var så omfattande at folketalet gjekk ned. Frå og med rundt 1850 starta så utvandringa til Amerika for fullt.

Utvandring til land utanfor Europa 1856 - 1915

	1856-60	1861-65	1866-70	1871-75	1876-80	1881-85	1886-90	1891-95	1896-00	1901-05	1906-10	1911-15
Skjåk			118	125	30	160	152	95	181	264	155	79
Lom	124	71	390	113	250	287	328	239	391	325	172	110
Vågå	23	9	260	96	248	297	287	184	264	290	222	90
Ottadalen	147	80	768	334	528	744	767	518	836	879	549	279

Henta frå "Ottadalen" av Hans Jakob Eide, frå folketeljningane, Folkemengdens bevegelser og Sosialdepartementets Utvandringstatistikk 1921.

Tal og årstal

Ottadølane var ikkje av dei fyrste til å kaste seg på amerikabølga. Det tok nesten 30 år frå den fyrste emigrantbåten med nordmenn reiste i 1825 til den yrste ottadølen bestemte seg for å reise.

Den 18 meter lange sluppen "Restaurationen" la ut frå Stavanger i 1825 etter at det fyrst var sendt ein "speidar" over for å sjå korleis det var i Amerika. Dei 52 passasjerane fekk ein dramatisk overfart. Tida etter at dei kom fram til Amerika, vart også tung. Den fyrste gudbrandsdølen som reiste til Amerika, var frå Ringebu og drog med heile familien i 1832. Fyrst midt på 1830-talet vart det verkeleg fart på utvandringa, med organisering av migrasjonsbåtar frå norske hamner. Fram til da hadde berre nokre få reist med båtar frå Gøteborg og Le Havre.

Den fyrste vagværen vi veit om som reiste til Amerika, var Iver Gulbrandsen Snerle (Bårstad). Han reiste i 1853 eller 1854, 26 år gammal. I 1854 reiste 19 år gamle Tore Jonsson Nordjordet, som var den fyrste vi kjenner til frå Lom. Dei fyrste skjåkværanne var Lars Olssen Tråstad, som reiste 18 år gammal, og 24 år gamle Ola Kristensen Marlo. Båe reiste i 1857.

Den store utvandringa gjorde sitt til at folketalet i Ottadalen gjekk kraftig ned i perioden frå 1865 og fram til 1910. Skjåk var den ko munen det var færrest amerikafararar frå. Folketalet gjekk likevel ned med 19,4 prosent denne perioden. I Lom gjekk folketalet ned med 29,3 prosent og i Vågå med 26,7 prosent. Dette trass i at det på denne tida var store fødselsoverskot. Berre i åra 1875-1900 var fødselsoverskotet på 959.



Samhaldet blant ottadølane var ofte svært godt i Amerika. Her ser vi sju kameratar frå Reppen i Skjåk fotografert i Amerika i 1914/15. Framme f.v: Olav Haugen (Øver-Hjeltnar), Lars Brandsarbakken (Rudsar), Ole Kvalheim og Ivar Kummen. Bak f.v: Karl Kummen, Ivar Haugen og Ola Kvalheim. Foto utlånt frå fotoarkivet til Skjåk Historielag.

Det vart i løpet av desse åra fødd nærmast dobbelt så mange som det døydde. På same tid reiste 1454 personar frå Lom. Eit stort fleirtal av desse reiste til Amerika.

Totalt utvandra 1/4 av alle nordmenn i perioden 1850-1900. Til saman kan vi rekne med at nordmenn rydda seg om lag 80 millionar dekar jord i Amerika. I 1889 reiste så mange som 29 000 personar. Berre Irland hadde ei større prosentvis utvandring enn Norge.

Ein kan dele innvandringa i tre bolkar. Den første utvandringsbølga var frå 1866 til 1873, da om lag 111 000 reiste frå Norge. Den andre bølga var frå 1879 til 1890. Da hadde dei fyrste etablert seg og skrivi heim, slik at dei fekk andre til å koma etter. Ofte var det alt etablerte emigrant-ar som betalte reisene for desse. Heile 250 000 nordmenn reiste i løpet av desse 10 åra, og rundt halvparten av dei fekk reisa betalt frå Amerika. Den siste bølga kom kring 1910, da det var oppgangstider i USA. Men med den store depresjonen og nye lover om innvandring minka utvandringa.



Kvifor reiste så mange til Amerika?

I tida da dei fyrste reiste til Amerika, skulle det gå rykte om at folket i Amerika var utrydda av pest, og at det derfor stod gardar og venta på dei som kom over. Gardane skulle vera fullt utstyrte og mangla berre folk. Kanskje reiste som-me i denne trua. Innan emigrasjonsbølga nådde Ottadalen, hadde denne misforståinga truleg vorte rydda av vegen. Mange nordmenn hadde for lengst etablert seg i

Amerika. Bøker som vart skrivne, fekk nok bort ein del misforståingar, og gjorde folk betre førebudde på det som kom til å møte dei. Men kor realistisk eit inntrykk ottadølane hadde av

Amerika på 1850- og 60-talet, er det likevel grunn til å stille spørsmål ved. Ein kan undrast på kva emigrasjonspionerane visste, og kva det var som verkeleg dreiv dei. Nysgjerrigheit, armod, klasseskilnad eller vanvørndnad?

Tilhøva i Ottadalen

Som i resten av landet var det store økonomiske vanskar i Ottadalen i andre halvdel av 1800-talet. Befolkningsoverskotet vart stadig større, og det var vanskeleg å få tak i jord. På 200 år hadde folketalet i Ottadalen vorte tre gonger så stort. Fødselstala var høge, samstundes som nye vaksinar gjorde at færre døydde av sjukdommar. I løpet av fyrste halvdel av 1800-talet hadde talet på husmenn vorte fordobla. Mange førte eit liv heilt på grensa av det som var mogleg. Fattigdom og armod breidde seg stadig. Ressursane strakk ikkje til. Framtidsutsiktene til dei som ikkje skulle arve jord, var dårlege, og det var nærmast uråd å skaffe jord på annan måte.



Billetten eller passasjerbeviset til Johan (Hansen) Nerjordet f. 25. 9.1876. Johan var i Amerkika to gonger – kvar gong i om lag fire år. Han brukte Hansen fordi Nerjordet var vanskeleg å uttale. Johan var frå Nerjordet “nørdrde utta vegen” i Bråtå. I Amerika arbeidde han mykje som skogsarbeidar saman med andre skandinavar – særleg frå Finland. Det var fyrst og fremst i Nord-Dakota Johan oppheldt seg. Foto og passasjerbillett utlånt av Else Brandsar.

Jordbruket var på veg til å bli lagt om frå sjølvforsyningsbruk til salgsjordbruk. Samstundes møtte jordbruket konkurranse frå utlandet, noko som førte til prisras på jordbruksvarer. Dette førte i sin tur til at mange vart sitjande i stor gjeld, og måtte gå frå gard og grunn. Medan prisane gjekk ned, heldt lønnene seg på det same nivået. Mekaniseringa av jordbruket i Ottadalen starta også for alvor å gjera seg gjeldande. Betre reiskap og maskinar gjorde mykje arbeidskraft overflødig.

Tilhøva var dårlege i heile landet. Ekstra ille var det likevel i Ottadalen. Dette skriv landbrukskulestyrar Jon Sæland om. I 1909 vart han hyra til å gjera eit arbeid for å prøve å få redusert utvandringa. Han var forferda over stoda i bygdene i Nord-Gudbrands-dalen. Ingen stad hadde han sett så mange skakke og dårleg vedlikehaldne hus som her, meinte han. Han hadde eit inntrykk av at folk i dalen hadde lite tru på sitt eige virke: "Motløsheten synes at være traadt i arbeidsglædens sted."

Men det var ikkje berre i Ottadalen folk sleit. Over heile Europa reiste folk til Amerika med draumen om eit betre liv. Ynsket om å koma seg til Amerika var for mange inderleg og sterkt. Men for mange vart ikkje kvardagen i Amerika som dei hadde håpa. Heimlengselen vart sterk.

Amerika var stort og nytt – "the promised land" – "løftenes land" eller "lovnadslandet". Her var det i byrjinga land til alle. Dessutan stilte alle likt i Amerika – om dei var frå ein storgard eller var husmenn. I 1862 kom Homestead Act, som gav alle amerikanske borgarar og innvandrarar rett til 160 acres jord (ca. 640 mål) dersom dei dyrka jorda og budde der i minst 5 år. Det var også vanleg at jernbaneselskapa selde jord for å skapa meir trafikk. Dei premierte nydyrkarane ved å betale attende 25 % renter dersom jorda var dyrka i løpet av to år. I 1865 var den amerikanske borgarkrigen over – og masseinnvandringa frå fleire europeiske land eksploderte.

Etter kvart som dei fyrste hadde reist over og lagt grunnlaget for at andre kunne koma etter og ta seg arbeid hjå dei, reiste somme berre for å tene seg pengar. Slik hadde bortimot halvparten av gardbrukarane i enkelte grender vore i Amerika tre-fire år.

Dei som valde å reise, var ikkje berre frå husmannsfamiliar eller familiar som ikkje eigde jord. Dei som ikkje var eldst, hadde dårlege framtidssutsikter. Ofte reiste heile familien, med mange og ofte små ungar. Frå Ottadalen ser det ut

som om det var mest husmanns- eller småbrukarfamiliar som reiste den fyrste tida. På slutten av utvandringstida var det mest barn av gardbrukarar som reiste før dei stifta familie. Mange selde alt dei eigde for å skaffe midlar til reisa, og som grunnlag for det nye livet i Amerika. Andre måtte gjera opp gammal gjeld før dei kunne reise. Det hende også at heradet betalte reisa for folk, fordi det var billigare enn å fø dei på fattigkassa. Mor og dotter Anne og Embjørg Søtilen frå Skjåk reiste til Amerika. Dei hadde båe vore dømde for tjuveri og hadde svært avgrensa midlar. I Bygdebok for Skjåk tar



Aasastugu på Skjelden. Røysheim-Skjelden var husmannsplass på Røysheimåsen. Foto utlånt av Kåre Åsen

Hans Hosar opp spørsmålet om det kunne ha vore slik at bygdefolket skaffa dei pengar til reisa for å bli kvitt dei? Sikkert er det i alle fall at fattiglemmer fekk reisa betalt slik at bygda slapp å ha dei. Kommunestyret i Skjåk løyvde ved fleire høve pengar til slike føremål. Mellom anna fekk ein familie frå Bråtå 15 spesidalar, på det vilkåret at pengane skulle attendebetalast dersom dei ikkje vart brukte som tenkt. Pengane rakk ikkje til billettar. 10 spesidalar vart difor returnert frå Bergen. Dei resterande brukte familien på å ta seg nordover. Dei slo seg til slutt til i Steigen.

Det kunne også vera andre årsaker til at folk reiste. Somme vart nærmast flyktningar på grunn av reli-gion eller politikk. Skjåkværen Erik O. Hagen med familie var ein av dei mange haugianarane som ikkje treivst i heimbygda og reiste til Amerika i trua på eit betre samfunn å leva i. Han følte seg uthengd av bygdefolket etter ein vanskeleg strid om allmenninga.

Familien reiste i 1869 og tok seg fram til venner i Eau Claire i Wisconsin.

Utvandringa var på fleire måtar ei redning for dei som vart att i bygdene i Ottadalen. Samstundes var det ofte dei unge og mest arbeidsame som reiste, noko som nærmast for-gubba Ottadalen. Det var også langt fleire menn enn kvinner som reiste, slik at det vart kvinneo-verskot i dalen. Til dømes var det i 1900 berre 81,2 menn pr. 100 kvinner i Lom mot 97,6 pr. 100 i 1835 – før utvandringa sette i gang for fullt.



“Montebello” legg til kai i Bjørvika 1903. På dekket står dei verdensvante som skal heim til Norge på besøk eller kanskje for godt. På kaia mange som kanskje står på norsk jord for siste gong. Foto: Anders Beer Wiise. Utlånt frå Norsk Folkemuseum.

Alt var usikkert

Ein kan berre tenkje seg kor vanskeleg det var å orientere seg og skaffe seg informasjon den gongen utvandringa til Amerika gjekk for fullt. Det var ikkje berre å setja seg inntil ein datamaskin og tinge billetter over internett eller ta ein telefon og sjekke praktiske ting. Alt var nytt. Alt var usikkert. Kunnskapen om det nye var liten. Særleg dei fyrste som drog frå Ottadalen mot det nye og ukjende, visste lite eller ingenting om kva dei reiste til.

Utover i 1870- og 80-åra vart det likevel enklare å kjøpe billetter til amerikaturane. Jernbanselskapa og reiarlaga i USA gjorde det dei kunne for å verve flest mogleg emigrantar. Norske aviser fekk fleire og fleire annonsar for emigrantreiser. Også i Lillehammer Tilskuer var det støtt og stadig annonsar av dette slaget. Folk som hadde reist tidlegare og var attende i Norge på

besøk, tilbaud seg å vera reisefølgje for nye emigrantar. Etter kvart som trafikken vart god butikk, skaffa reiarlaga seg agentar i bygdene som skaffa passasjerar mot provisjon. Billettprisane var høge. I 1880 kosta ein billett til New York 110 kroner. Kring 1870 var prisen for ein billett heile vegen til Sør-Minnesota 210 kroner. Somme skaffa pengar til billetter ved å halde auksjon før dei reiste. Somme selde heile garden. Mange lånte pengar av folk i heimbygda og av kjenningar som alt var etablerte i USA. Etter den fyrste emigrasjonsbølga vart det vanleg å få tilsendt billett frå slekt og venner i Amerika.

Da dei fyrste reiste, var det ennå ikkje veg eller jernbane. Ferda gjekk over fjellet om våren, medan det enda var skare. I 1854 opna jernbana mellom Eidsvoll og Kristiania. I 1880 vart jernbana forlenga til Hamar, og i 1896 kunne folk endeleg reise med tog frå Otta. Det mest vanlege var å ta båt frå Kristiania. Men mange frå Ottadalen gjekk den fyrste tida over fjellet til Luster og for vidare med båt til Bergen. Den vanlegaste ruta vidare var til Hull i England og vidare med tog til Liverpool der “Amerikabåten” la til kai. Men det var heller ikkje uvanleg med båtar som gjekk direkte frå norske hamner med berre norske emigrantar om bord.

Svein Kvitingen fortel i Årbok for Dølaringen i 1932 om ei amerikaferd han hugsar frå barndommen, i 1863 eller 64. Ei syster og ein bror frå Tundraskridun skulle reise. Kvar av dei hadde med seg ei stor kiste, som dei drog på ein skikjelke. Folk var med og følgde dei på veg for at dei skulle greie å dra med seg kistene. Vegen gjekk over Tundragjelet og utover Tundradalen på skareføre. Svein Kvitingen meinte dei kanskje gjekk mest på natta, sidan snøen blotna opp meir om dagen. Dei kunne ta inn på Tundradalsetra og i ei lita innsmogo ytst i Tundradalen. Da var det ikkje nokon stad å koma innandørs før dei kom til Nrdstedalsseter. Frå Tundradalsbandet tok dei seg ned Fortundalen, som var bratt og farleg. Vidare gjekk vegen til Skjolden, der dei tok båt ut Sognefjorden og til Bergen.

Oppakning

Med på ferda måtte dei ha mykje utstyr. Også her var det stor skilnad på dei fyrste som reiste, og dei som reiste seinare. Den fyrste tida måtte dei ha med seg all maten dei hadde bruk for til heile reisa, og også til den fyrste tida etter at dei kom over havet. Reisa kunne ta frå sju til i verste fall 14-15 veker med seglskip. Flesk, hardbrød, smør, ost, spekemat, mjøl og poteter var mat som heldt seg lenge. Mange hadde med

for lite mat, og turane tok ofte mykje lengre tid enn planlagt. Da dampbåtane tok over, vart det etter kvart også tilbode “pakketurar” med all mat på overfarten inkludert i prisen. Dei hadde oftast også med seg mykje av det dei hadde bruk for av kjøkenstell, koppar, gryter, fløygar og baksthyllar. Reiskap av ulikt slag tok også mange med – som rokkar og til og med slipesteinar og kverner. Alt vart pakka i kister og kasser. Likevel måtte sjølvstekt mykje bli att heime.

På båten

Båtturane var nok for dei fleste ei sterk påkjenning. Tilhøva om bord var svært dårlege for dei som reiste på tredje klasse. Da dampbåtane tok over på 1860-talet, vart det betre plass på båtane, og overfarten frå England til Amerika korta ned til om lag to veker. Det vart etter kvart også lugarar i staden for sovesalar på båtane. Matsalar og plass til å røyve seg på vart òg meir vanleg. På dei gamle seglskutene var det tre sovekvarter – eitt for familiar, eitt for einslege kvinner og eitt for einslege menn. Dei tronge køyene var einaste plassen dei hadde til å sova, eta og oppbevara tinga sine på. Vatn var det dårleg med. Ventilasjonen var elendig, og toaletta var få og små. Reinhold var det lite eller ingenting av. Ein kommisjon frå Amerika som undersøkte tilhøva på amerikabåtar, kom til at det var “en sammenstuing så intens og så skadelig for helbred og moral at det ikke finnes noe forhold på landjordensom kommer opp imot den.”

Mange døydde på turen over. Andre kom seg aldri etter turen og døydde i Amerika. Ikkje berre vart folk sjøsjuke. Sjukdommar smitta lett i dei tronge båtromma. Ei historie frå Skjåk fortel om ein familie som reiste over med ein båt som vart svært forsinka. Undervegs byrja det å gå rykte om at kapteinen var slavehandlar og at han kom til å selje passasjerane. Båten brukte nesten dobbelt så lang tid på overfarten som planlagt. Men båten kom fram, og passasjerane vart ikkje selde som slavar. Men ikkje alle overlevde overfarten. Ei mor frå Skjåk svolt i hel i eit desperat forsøk på å redde barna sine. Mannen kom aldri til å trivast i Amerika og reiste seinare heim til Skjåk. Sjøsjuka kunne vere ei stor plage for ottadølar, som aldri hadde kjent sjøluft



Tunisian var bygd i Glasgow og gjekk i trafikk frå Liverpool til Usa og Canada rundt hundreårsskiftet. Allan Line, som eigde skipet, hadde salskontor i Trondheim. Liverpool (bildet) var den mest vanlege avgangs-havna når Nordmennene skulle ta avskil med Europa og setje kursen mot det nye og ukjente. Rolv S. Blakar hadde med dette bildet heim i 1901 etter 13 år i Amerika. Foto utlånt av Gudrun Stamstad.



Ikkje alle nådde fram til Amerika. Mange døydde på overfarten og fekk si grav i havet. Begravelses-sermonien på bildet er frå skipet “Norge”. Skipet, som seinare skulle forlise, står det meir om lenger ut i temadelen. Foto utlånt frå Norsk utvandrer museum.

tidlegare. På turar med hard sjø kunne storparten av passasjer-ande bli liggjande sjøsjuke utan å vere i stand til å gjera noko som helst. Knut Hamsun skreiv i ein artikkel frå 1886 om si andre amerikareise. Her skildra han kor sjuk både han sjølv og dei andre om bord vart da stormen møtte dei på ope hav. Ein mann skal ha sagt til han at dersom han nokon gong kom på land att, skulle han aldri bry seg om slike bagatellar som å miste ein finger eller ein fot.

Men skildringane av overfarten til Amerika fortel ikkje berre om elende. Mange skildrar det enorme folkelivet, festar og dans. Særleg irane var livlege og gjorde mykje for at stemninga skulle vere god om bord. Møte med andre nasjonalitetar gav fine opplevingar. Men det vart òg stelt i stand til 17. mai-feiringar, messer og andre markeringar. For nokre vart reisa difor eit lystig avbrekk før alvoret møtte dei i Amerika.



Nettstaden www.ellisland.org til Ellis Island American Family Immigration History Center er "eit must" for alle som studerer slektene sine i Amerika. Ellis Island – eller Tårenes øy – var staden dei aller fleste innvandrarane vart vurderte, både helsemessing og elles. Frå 1892 til 1924 vart det ført protokollar frå dag til dag der alle fekk ei linje kvar. Desse protokollane er seinare lagt inn i søkbare databasar der du via internett kan gå inn og leite. Det er lagt inn opplysningar om alder, kjønn, gift/ikkje gift, yrke/status, om vedkomande kan lesa, kvar personen kjem frå (inkl. kommune), "destinasjon" for reisa, om vedkomande har billett til reisemålet, kven som har betalt billetten, kor mykje pengar personen hadde med seg, om personen har vore i Amerika tidlegare, om vedkomande skal reise til ein slektning eller venn – eventuelt med fullt namn og adresse dit. Det vart også protokollført om vedkomande har vore i fengsel eller på nokon annan måte vore tatt hand om av det offentlege og stilt spørsmål om den som skulle inn til landet var "polygamist", "anarkist" og om helse og psykisk tilstand. Dersom du finn ein person på listene, kan ein ofte lese seg fram til kven vedkomande reiste saman med, stod i kø på Ellis Island saman med, og så vidare. Listene inneheld eksakte datoar og kva for båt emigrantane reiste med (med bilete).

Etter mykje leiting greidde vi å finne Jørgine Slettede i protokollane. Vi kan ikkje skjønne at ho sjølv var ført inn i databasane, men vi fann syster og reisefylgje til Jørgine – Mari og i dei handskrivne protokollane dukka da også Jørgine opp. Mari var registrert som "Man Rolf (Rolfdatter) Slettede" og derfor ikkje grei å finne. Dei to reiste på båten *The Cedric* frå Liverpool 14. juni 1903. Etter protokollane var dei to bøvverdalsjentene i fylgje med Iver Eriksen Sanden og Anne Andersdatter Sanden (båe 29 år frå Vågå) da dei sjekka gjennom på Ellis Island. Jørgine var oppført som "Slettede, Jørgine Rolfsen, 16 år, single, "servant" (tenar) og skulle til Minnesota.

"Tårenes øy"

Dei fleste emigrantskipa reiste til New York. Frå 1892 fungerte øya Ellis Island rett utanfor New York som innvandringsstasjon. Her kunne innvandrarane risikere å bli verande lenge. Alle skulle registrerast og sjekkast for sjukdommar. Her kunne dei risikere å bli sendt attende til heimlandet dersom det var sannsynleg at dei ikkje ville greie å livberge seg sjølv, men kom til å måtte søkje fattighjelp. På denne måten vart fleire familiar splitta opp enda ein gong – denne gongen ville det kanskje gjelde dei aller næraste. Øya vart derfor kalla "Tårenes øy". Ein mann frå Skjåk hadde fått lus på overfarten til Amerika, og vart avvist på Ellis Island. Han måtte reise strake vegen heim att. Kanskje like greitt for han – vel heime att tok han over heimgarden og vart verande i bygda.

Reisa var på ingen måte slutt, sjølv om Amerika var nådd. Ottadølane søkte helst til Minnesota, Wisconsin og Illinois. Landskapet, klimaet og års-tidene her minte litt om heimlege trakter. Etter kvart busette folk seg lenger mot vest – i Dakota, og mot sør – i Iowa. Det var lange

reiser og slett ikkje enkelt å finne fram i det ukjente landet. Innvandrarane kunne ikkje så mykje som eit ord engelsk og måtte berre stole på at den hjelpa dei fekk, var god. Ivrige emigrantkommisjonærar narra mange ved å selja falske togbillettar og jord som ikkje fanst.

Anna Lyngved, gift med Thorstein Larsson Lyngved frå Garmo, var ei av dei mange som reiste aleine med barna for å møte mannen, som hadde reist føreåt. Anna og Thorstein hadde måtta gå frå gard og grunn i Vårdalen, og bestemte seg difor for å prøve lykka i Amerika. Det finst fleire brev etter Anna. Desse har Kari Storvik gjeve att i ei av bøkene sine. Anna hadde ei tøff reise med tre små barn. Dei to eldste batt ho saman for å halde styr på dei om bord på båten. Da ho kom til Amerika og skulle reise med tog for å treffe mannen sin, var det sjølv sagt problematisk at ho ikkje forstod engelsk. Ho hamna derfor på feil tog og vart to dagar forsinka på reisa. Mykje av maten og kledda ho hadde med seg, måtte ho kaste, da ho ikkje greidde å bera med seg både pjanket og ungane

Jørgine Boomer

Sjølvs om dei fleste måtte slite hardt, og mange aldri kom til å lykkast i Amerika, var det også dei som lykkast godt. Ingen frå Ottadalen kunne vel måle seg med Jørgine Boomer i så måte. Hardt arbeid, intelligens, eit vinnande vesen og hell førte ho heilt opp i toppen av den amerikanske sosieteten.

Jørgine Boomer hadde Slettede som jentepennam, og var husmannsdotter frå plassen Utafor i Bøverdalen. Ho reiste til Amerika 15 år gammal i 1903 saman med den tre år eldre systera Mari. Ein onkel som hadde bygd seg farm i Fergus Falls i Minnesota, hadde sendt dei pengar til billetter, og let dei bu hjå seg. Mari døydde ikkje lenge etter at dei hadde kome til Amerika. Men Jørgine arbeidde hardt og lærte seg fort engelsk. Ho tok high school-eksamen og var på god veg til å fullføre draumen om å bli sjukepleiar og seinare lege da ho vart teke opp på ein sjukepleieskule som 18-åring. Jørgine gjorde det så bra at ho fekk eit høgthengjande stipend, som førte henne vidare til utdanning ved medisinsk fakultet i New York. Her møtte ho Richard Sloane, som skulle bli den fyrste mannen hennar. Dei gifta seg i 1915. Den seks år eldre kirurgen underviste på universitet der ho studerte. Sloane var av det Jørgine sjølv omtala som "General Motors-folkje" og var svært velstående. Han døydde stutt tid etter bryllaupet, men hadde innan den tid introdusert Jørgine for sosieteten i New York. Fem år seinare, i 1920, gifta ho seg med Lucius M. Boomer, som allereie da hadde vorte ein levande legende innan moderne hotelldrift i USA. Det skulle ikkje vara lenge før Jørgine også vart ein legende. Lucius dreiv gamle Waldorf Astoria i New York. Sjølv om han ikkje var inne som eigar, var han med på å byggje opp og drive det nye Waldorf, som vart bygd da det gamle måtte vike plass for Empire State Building. Familien Boomer hadde husvære på Waldorf Astoria. Jørgine fekk også innreidd sin eigen norske salong på hotellet – Norwegian Grill. I tillegg til å drive Waldorf Astoria eigde Lucius også fleire firma, restaurantkjeder og hotell. I 1921 fekk paret sonen George. Nokre år seinare adopterte dei ei lita jente, Bonita.

Jørgine Boomer må ha vore ein heilt spesiell personlegdom. Ho var omtala som omtentksam, intelligent og særskilt vakker. Ho hadde stutt sagt eit vinnande vesen, som kom godt over eins med folk utan omsyn til om ho var blant sosieteten i New York eller i barndomstraktene i Bøverdalen. Jørgine skal ha kryssa Atlanteren med båt over hundre gonger, og med fly 25



Jørgine saman med veslesyster Edrikka (f. 1903) på eit besøk heime i Bøverdalen rundt 1910. Foto utlånt av Magnhild og Reidar Mundhjeld.

gonger. Såleis kom ho ofte heim til Bøverdalen. Der bygde ho Storhaugen, ein gard som låg rett ovanfor husmannsplassen ho sjølv hadde kome frå. På Storhaugen bygde ho opp fleire hytter og hus, som vart overtatt av nevøen Magnar da ho døydde. Jørgine hadde ein mektig omgangskrets: presidentar, kongelege, folk frå den kulturelle eliten. Ho var mellom anna ein god venn av den norske kongefamilien – og spesielt av kronprinsesse Märtha, som ho vart kjend med da kronprinsessa budde i Amerika under 2. verdskrigen.

Noko eksentrisk må Jørgine også ha vore. På sine gamle dagar heldt ho seg mykje for seg sjølv medan ho gjorde store pengar på aksjespekulasjon. Eit paradoks var at ho som hadde drøymt om å bli sjukepleiar og lege vart medlem av scientologirørsla og seinare i livet kom til å sjå på legar og sjukehus som det verste ho visste. Rørsla trudde på healing gjennom bønn og ikkje gjennom medisinsk behandling. Ho døydde av slag, 83 år gammal, men hadde gjeve sonen Georg streng beskjed om at dersom ho vart sjuk, skulle ho lækjast gjennom bønn og skulle ikkje på noko sjukehus.



Båtane som ikkje kom fram

Reisa over havet gjekk ikkje alltid som planlagt. Ikkje alle båtane kom fram til Amerika. Det var brannar, skip som kolliderte og skip som gjekk på grunn i ope hav.



Titanic

Det mest kjente er Titanic, som gjekk ned i 1912. Det heitte seg at dette enorme skipet frå reiarlaget White Star Line ikkje skulle kunne søkkje, men likevel gjekk ned på jomfruturen.

1500 av 2200 passasjerar omkom. Blant passasjerane var det 31 nordmenn.

10 av desse berga livet. Ein av dei 21 nordmennene som ikkje overlevde, var Sigurd Hansen Moen frå Skjåk.

Han var fødd i 1885 og kom frå ein leiglendingfamilie som heldt til på fleire gardar kring i bygda.

Han reiste fyrst til Ålesund og gjekk i lære for å bli snikkar.

Så gifta han seg og flytte etter ei tid til Bergen. To av brørne til Sigurd hadde tidlegare reist

til Amerika, og han bestemte seg for å reise saman med svogeren, som også hadde budd i Amerika i fleire år. To slektringar, ein 20 år gammal gut og ei 16 år gammal jente, reiste også saman med dei. Sigurd og kona hadde året før fått ei dotter, og venta eit barn til da han reiste. Kona skulle koma etter med barna når han hadde sikra seg arbeid og land.

Slik skulle det ikkje gå. Av reisefølget på fire berga svogeren og den 16 år gamle jenta livet. Dei to andre gjekk ned med Titanic. Jenta kom med i ein av liv-båtane. Dei tre mennene måtte bli att på båten. Dei stod ved skorsteinen akter og såg at den fremste skorsteinen gjekk i vatnet. Dei skjøna at dei måtte hoppe, men svogeren var den einaste av dei som kunne symje. Han greidde difor å halde hovudet over vatnet og sumde i 20 minutt før han kom seg om bord i ein klappbåt, som seinare vart plukka opp av båten Carpathia på veg frå New York til Italia. Liket av Sigurd Moen vart funne seinare, og han vart gravlagd ved Mølledal kapell. Frakt av liket frå Amerika til Norge vart ikkje betalt av reiarlaget. Ein innsamlingsaksjon skaffa midlar til dette.

DS Norge

Langt mindre kjent enn Titanic er historia om "DS Norge". 635 av dei 795 som var om bord på dette emigrantskipet, omkom da båten gjekk på grunn på Rockall i Atlanterhavet vestfor Skottland i 1904. Her var det heller ikkje livbåtar nok til alle, og skipet gjekk ned i løpet av 20 minutt. Ein livbåt vart aldri funnen att. Dei andre vart plukka opp av fleire tilfeldige skip etter opptil åtte dagar i open sjø. Av dei i alt 284 nordmennene om bord omkom 224. Blant desse var det to ungjenter frå Lom, 19 år gamle Anne Andvordsjordet og 18 år gamle Anne Gutubø som baae skulle til Decorah. Kva som skjedde med dei to jentene i alt kaoset er ikkje kjent, men dei var ikkje av dei få som vart med i livbåtane.

Blant dei overlevande i den siste livbåten som vart funnen, var 17 år gamle Rolf Johnson Vaagaasar frå Lom. Han var på veg til Taylor i Nord-Dakota. Livbåten hadde eigentleg kapasitet til 28 personar, men hadde med berre 18 menn og ei lita jente på 21 månader. Kapteinen hadde beordra kvinner og barn opp i livbåtane fyrst, men i alt kaoset vart det mest menn, i og med at dei var sterkast og fekk bana seg veg fram til livbåtane. Av dei 18 var 8 av mannskapet, mellom andre styrmannen.

Øvst: Anne Gutubø - ei av jentene som reiste saman med Rolf Vaagaasar på Norge og som omkom da båten forliste. Anne hadde tre sysken. Ingen av desse reiste til Amerika. Foto utlånt av Magna Krøkje.

I midten: Rolf Johnson Vaagaasar fekk øydelagt sine draumar om eit nytt liv i eit nytt land da DS Norge forliste ved Rockall vest for Skottland kl. 7 om morgonen den 28. juni 1904. Foto utlånt av Julie Øien / Jorunn Kvale.

Nedst: Skonnerten Olga Pauline som plukka opp livbåten Rolf Vaagaasar var i og frakta dei til Færøyene. Foto utlånt av Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

Han hadde heile tida vore sikker på at livbåt-en hadde kurs mot nordvest og dermed kysten av Skottland. Seinare skulle det vise seg at dei hadde drivi rett mot nord og ville ha kome inn i arktiske strok om dei ikkje hadde vorte funne. Det var lite proviant og vatn med på båten – nok til berre nokre få dagar med små rasjonar. I nauda greidde derfor ikkje Rolf Vaagaasar å halde seg unna å drikke saltvatn. Han vart skjelven og hysterisk, og dei andre måtte binde han i båten. Den vesle jenta som vart med far sin om bord, var sjølvsgagt også utmatta på grunn av mangelen på mat og drikke – og kledd berre i nattkjole. Faren måtte til slutt gje ho saltvatn, og ho fekk den same reaksjonen som Rolf Vaagaasar. Faren gjekk så langt som å skjera seg i handa for at jenta skulle få drikke blodet.

Den sjetten dagen byrja det til alt hell å regne kraftig. Segla på båten vart brukte som duk for å samle opp regnvatn, og alle fekk i seg drikke. Om ettermiddagen den sjuande dagen vart dei endeleg oppdaga og plukka opp av den norske skonnerten Olga Pauline på veg frå Skottland til Island. Dei sterkt medtatte passasjerane vart teke om bord, gjevne mat, vatn og seng medan båten tok dei inn til Torshavn på Færøyane.

Tilstanden til Rolf Vaagaasar var kritisk da han kom til sjukehus på Færøyane. Han måtte derfor bli der i nesten fire veker før han kunne reise vidare til København og så vidare til Kristiania for meir behandling, før han kom heim att til Lom. Vel heime var han sjølvsgagt sterkt prega av hendinga, og svært redusert etter ulykka. I oktober same året skreiv han eit brev til Grosserersosietets-komiteen der han fortalte at han hadde vore sjuk heile tida sidan ulykka, og at han derfor hadde lite å leve av. I tillegg hadde han mista det meste av eignedelane sine. Han hadde dessutan lånt pengar av bestemora si for å betale for reisa. Avtala var at han skulle betale attende dei 150 kronene når han hadde tent nok i Amerika. Han gifta seg seinare med ei jente frå Vågå og fekk tre døtrer.

Det er mykje sannsynleg at dei tre ungdommane frå Lom på MS Norge kjende kvarandre og reiste saman mot Amerika. Alle tre var frå same grenda nedst i Medalen. Dei to jentene var sikkert venninner og skulle bære til Decorah. Forliset til Norge er på langt nær så mykje omtala som t.d. Titanic. I boka "Katastrofeskipet Norge – den glemte ulykken" skriv forfattar Per Kristian Sebak at dette forliset nesten var ukjent. Det stod ingen ting om ulykka i oppslagsbøker eller historiebøker. I si bok omtalar han forliset i detaljar.

Her har jeg ligget
 paa sengen i 3 dage
 som jeg ikke kan
 mere af den. saa De
 kan godt sjønne,
 at det ikke er godt
 at være. Til for
 mig med gjalden og
 alt. Saa vil jeg
 tilslut bede Dem
 vakkert om noget
 til at berge mit
 liv med.
 Med meget agtelse
 Rolf Vaagaasar
 Lom Gudb randsdalen

Den 1. oktober 1904 skreiv Rolf Vaagaasar dette brevet til Grosserersosietetskomiteen:

Vaagesar 1.okt. 04
Til komiteen!

Jeg er en af de skibsbrudne fra "Norge". Jeg har været syg hele tiden siden jeg kom hjem og har ikke mange penge at leve af. Og nu har vi snart vinteren i møde, saa det vilde være bra om jeg kunde faa lidt af de insamlede penge; for jeg tror neppe nogen trenger bedre til penge en jeg. Saa vil jeg bede Dem om jeg kan faa lidt penge.

Med meget agtelse
Rolf Vaagaasar

Deretter skreiv han dette brevet den 7. oktober 1904:

Vaagesar 7. okt. 04
Til komiteen!

Jeg har nu modtaget et brev fra selskabet. Det er ikke lunge siden jeg skrev til dem, men efter det jeg fikk dette brevet maa jeg skrive et til. Jeg mistet meget ved forliset, saa jeg tror knapt det var mange som mistet mere etter andelen. Jeg havde med mig mange dresser tøj både med overtøj og undertøj. Saa laante jeg penger af min gamle bestemor, som ær afgjort saaledes, at jeg skulde betale igjen naar jeg kom fram til Amerika, det var i alt 150,00 kroner. Ikke nok med det jeg mistet det jeg hadde med jeg mistet også helsen som jeg vist aldrig mer faar igjen, og atpaa det biletten for jeg gjør ikke noget i Amerika med en daarlig helse. Nu har jeg ligget paa sengen i 3 dage som jeg ikke har været af den, saa De kan god sjønne, at det ikke er godt at være til for mig, med gjalden og alt. Saa vil jeg tilslut bede Dem vakkert om faa noget til at berge mit liv med.

Med meget agtelse
Rolf Vaagaasar



Frå avdukinga av minnebauta over Lars Paalson Thorkveen i Albion, Minnesota i 1924. Bautaen har denne inskripsjonen: Kjær erindring efterlader. Du trofaste hyrde, hulde ven. Signet vil dit minde blive. Sålangt gjensyn herren give. En bauta for dit minde staar. Med tak for hvad du var. Naar vi dig ser i sollys vaar. Da dugger kulden av. Biletet har Kari Storvik fått i Amerika og gjeve til Lom Heimbygdslag.

I Amerika

Heller ikkje dei som til slutt kom fram til Amerika, var frie for farar og hindringar. Dei fyrste som

reiste, bana på mange måtar veg for dei som kom seinare. Det var enklare å koma til Amerika når slektingar eller kjenningar venta der. Dei fyrste som reiste, starta på bar bakke. Dei fekk land, men måtte byggje opp alt frå grunnen av. Somme fraus i hel. Andre svolt i hel. Dei fleste reiste langt inn-over i landet for å finne jorda dei hadde fått tildelt. Dei fyrste som reiste, brukte okse med vogn til å ta seg fram til staden der dei skulle busetja seg. Reisa kunne ofte ta fleire veker. Mange måtte livberge seg i jordhytter før dei fekk bygt seg primitive hus og fjøs. Alt måtte skaffast og byggjast. Brønn måtte til for å skaffe vatn. Dyr måtte kjøpast inn, og jorda måtte ryddast. Ein familie frå dalen budde i ein slik jordkjellar i 11 år. Der

fekk dei seks barn. Mannen var borte på arbeid i veka, og kona var att heime med ungane.

Slik var det for mange. Dei måtte skaffe pengar samstundes som dei byrja å rydde land. Mange arbeidde med bygging av jernbanene, som skogsarbeidarar eller bygningsarbeidarar. Tilhøva var annleis enn i Norge, andre farar låg på lur: Præriebrannar, grashoppesvermar, haglskurer, uvêr og for mange også indianarar.

Kristendommen stod sterkt hjå mange av dei som reiste over. Noko av det fyrste dei gjorde etter at dei hadde fått bygd seg hus, var å byggje kyrkje. Kyrkja vart samlingsstaden for alle i grendene, og fekk ein sterk posisjon i samfunnet.

Ottadølane heldt saman

Gudbrandsdalslaget vart stifta i Minneapolis 12. september 1909, og pastor Lars P. Thorkveen frå Lom vart vald til den første presidenten i laget, eit verv han hadde til han døyde i 1923.

Også skjåkværaner Ivar Olstad og professor M. R. Ødegård var aktive i dette laget. Målet var fyrst og fremst å vera ein sosial møtestad, men medlemmene samla også inn midlar til ei rekkje tiltak heime i Gudbrandsdalen. Laget hadde si stordomstid på 30- og 40-talet, da det også kom nokre utspringarar andre stader i statane. Laget gav også ut årbøker i tida fram mot 1950.

Lars Paalson Thorkveen var fødd i 1857 på småbruket Thorkveen i Medalen. Faren døydde medan han var ung, og Lars voks opp i tronge kår. Av dei som kjende han, vart han omtala som svært evnerik. Dei meinte at berre han kom seg ut, ville det bli noko stort av han. 24 år gammal reiste han til Amerika, og brukte sju år på å utdanne seg til prest. Han var prest i 35 år i fem ulike kyrkjelydar, og var svært godt likt over alt der han kom. Han vart omtala som eit klokt og fint menneske som ofra alt for å hjelpe. Ved sida av prestegjeringa var han også sterkt engasjert i diverse lag og foreiningar, både songforeiningar, skulestyre, Det Norske Selskap og mykje anna: Han var med på å skipe "Den norsk-lutherske kirke i Amerika". Spesielt var han opptatt av kristeleg song, og gav også ut fleire songbøker.

Opptatt av heimbygdene

Lars Thorkveen var alltid opptatt av heimbygda si. Han reiste heim fire gonger før han døydde, og fekk også med seg heidersbevis frå heimbygda i form av tre sølvkanner frå innbyggjarane i Lom. Thorkveen skipa fleire gonger til innsamlingsaksjonar blant dølane i Amerika for ulike føremål



Lars Paalson Thorkveen sende dette biletet heim, datert 3. august 1891. Kortet er utlånt av Magnhild og Reidar Mundhjeld.

i Gudbrandsdalen. Mellom anna samla han inn pengar til orgel i Lomskyrkja. Han hjelpte også Ivar Kleiven økonomisk i historiearbeidet hans. Etter at han døde, etterlet han seg ein formue på 71 500 dollar. Pengane hadde han testamentert til religions-skule for barn i dei kyrkjelydane der han hadde arbeidd, til heidningmisjonen, den norske lutherske kyrkja i Amerika og til eit fond for religiøse og miskunnsame føremål i Lom. Lars Thorkveen vart utnemnd som Riddar av St. Olavs Orden i 1914.

Gamleheimen i Skjåk

Skjåkværar i Amerika ivra sterkt da det på 20-talet skulle byggjast gamleheim i Skjåk. Det vart samla inn pengar og amerika-skjåkværane engasjerte seg i diskusjonane om kvar gamleheimen skulle vera. Systun Vigstad vart fyrst kjøpt, men vart seinare selt att. Dette likte dei dårleg, sidan dei meinte plassen høvde bra fordi han låg så nær kyrkja. Eilev O. Bakke var talsmann for skjåkværane i Amerika og skriv i eit brev i 1921 at dei alt har samla inn 10 000 kroner, og at skjåkværane snart må bli samde om "kvar skapet skal stå".

Meininga i Amerika var at når gamleheimen ikkje vart på Skjåkstronde, burde han vera i Reppen, ikkje så langt frå prestegarden, slik at dei gamle kunne få både "åndeleg og lekamleg føde". I 1924 kjøpte styret for Skjåk gamleheim eigedomen Bismoen av Syver og Magnhild Skamsar. Seinare på året fekk styret 17 739 kroner frå Amerika. I tillegg hadde fru Kari Jevne sendt 200 dollar direkte til ordføraren i Skjåk.

Iver Lee vart fyrste styraren på Skjåkheimen. Han voks opp i Jøingslie og reiste til Amerika 21 år gammal, der han tok namnet Lee. Han kom heim til Skjåk etter ei stund og hadde innan den tid lagt seg opp ein del pengar. På den måten kunne han også låne pengar til Skjåk kommune da Bismoen vart kjøpt. Iver Lee fekk også sett opp Skjåk Misjonshus, som han gav bort til Skjåk Misjonsforeining.



Lars Rudsar, f. 1886 og Kristen Tråstad, f. 1882 på prærien. Foto utlånt frå fotoarkivet til Skjåk Historielag.

Knut Hamsun

Vegarbeid på Toten og forskjellige foredrag var ikkje tilstrekkeleg for den unge Knut Hamsun som i januar 1882 gjer som så mange andre i Norge på den tida. Han bestemmer seg for å reise til Amerika for å sjå om livet kan smile til den unge gudbrandsdølen der.

Fyrste perioden i det nye landet varar berre i vel to år. Hausten 1885 blir han sjuk av tuberkulose og reiser heim til Norge for å bli frisk. Desse to fyrste åra i Amerika arbeider han som handelsbetjent i Elroy, Wisconsin og på ein farm i Madelia, Minnesota. Hamsun prøver seg også som sekretær hjå ein Kristofer Janson i Minneapolis, der han blir behandla godt og har ei god tid.

Etter på ny å ha "lidt nød" ein vinter i Kristiania reiser han i august 1886 attende til Amerika. Han er nå 27 år gammal og bruker namnet Hamsun for fullt. To nye og rastlause år ventar i Amerika, med arbeid på sporvogn i Chicago, arbeid på farm, journalistoppgåver og diverse foredrag i Minneapolis. Sommaren 1888 er Knut Hamsun lei av emigrantlivet og reiser frå Amerika for godt. Sitt verkelege gjennom-brot som forfattar får han to år seinare, da dei fyrste kapitla i "Sult" blir trykte i tidskriftet "Ny jord" i København.



Rønnaug Frisvold – Blanche Fritzvold – f. 1882, reiste til Amerika i 1904 og vart skodespelar på sjølvaste Broadway. Som det går fram av bilda av Rønnaug og husværet hennar i New York, hamna ho ikkje akkurat på skuggesida, og vart ei velstående dame. Rønnaug vart ikkje gift. Ho var heime att ein gong i 1913, men fekk ikkje oppfylt sitt store ynskje om å koma opp på setra på Nordsetra ved Tesse. Brevet på førre side er det Rønnaug som har skrivi. Broren Kristian (t.h.) reiste til Canada rundt 1900 og slo seg ned ved Vancouver i British Colombia, der han etablerte Jotunheimen Lodge. Dette var ein primitiv leir, der han tok i mot besøkjande. Eldste broren til Rønnaug og Kristian – Ola f. 1872 – arbeidde på jernbana som arbeidsformann der han vart drepen og fårøva lønningsspengane til arbeidarane. Også ei niese og ein nevø reiste til Amerika. Målfrid budde i Seattle og arbeidde på ein flyfabrikk, og Thorstein budde i Los Angeles på vestkysten. Foto er utlånt av Knut Kjøk.

Amerikabreva

Amerikabreva gav ofte ikkje noko reelt bilete av kvardagen slik han verkeleg var. Det var dyrt å sende brev – så dyrt at mange ikkje kunne sjå seg råd til det. Dei som ikkje lykkast, høyrer vi lite frå. Dei som skreiv brev, omtala ofte ikkje det dei måtte gå gjennom av slit og strev. Det var stor skam om det skulle ryktast heime i bygda. Men nokre skildrar så reelt og detaljert som mogleg det dei har opplevd – både ferda over og tida etter at dei hadde kome til Amerika. Det var også viktig for mange å få høyre nytt frå heime i Ottadalen. Dei oppfordra venner og slekt til å skrive om alt som skjedde i bygda, for å kunne følgje med. Etter kvart som fotograferinga vart meir vanleg, gjekk det mangt eit fotografi båe vegar over Atlanteren. Dette gjorde også sitt til at mange ottadølar i Amerika livnærte seg som fotografar. Imange heimar i Ottadalen finst haugar med amerikabilete. Motiva er ofte dei same: oppstasa slektningar som syner seg frå si beste side. Amerikabreva vart som skattar å rekne for dei som var att i Ottadalen. Det var sagt at folk i Ottadalen ei stund hadde betre kjennskap til Dakota og Minnesota enn til andre bygder i Norge.

Mange amerikabrev hadde som mål å lokke fleire til å reise, slik at det kunne byggjast opp norske samfunn med skular og kyrkjer. Mange brev gjekk på rundgang i bygdene. Nokre vart til og med trykte i avisene. I Lillehammer Tilskuer var det på 1860-talet stadig artiklar med overskrifter som "Til en smule Oplysning for Amerikafarere",

"Forholdene i New York" og "En jernbanearbeiders liv i det vestlige Amerika". Amerikabreva omtala ofte kor lett det var å få arbeid i Amerika, og om kor store lønningane var. Farmarane skreiv også om gardsdrifta og prisane dei fekk for varene sine. Mange skreiv om samfunnstilhøva i Amerika – om at alle hadde stemmerett og om den vesle forskjellen dei opplevde mellom fattig og rik. Etter kvart som folk tok til å tene pengar, var det mange som sende billetter eller pengar til billetter til slekt og venner heime. Andre gjorde reiser heim for å hente med seg folk. Alt på 1870-talet byrja folk som hadde funne seg godt til rette i Amerika, å koma attende på besøk. Desse besøka gjorde også stort inntrykk på dei som var att i bygda: Dei fine kledda og tinga dei hadde med seg, men også dei fine titlane somme av dei presenterte seg med. Når dei reiste attende til sitt nye heimland, hadde dei som oftast med seg fleire andre.

Dei som kom på visitt eller som kom heim for godt, var med på å prege samfunnet i Ottadalen. Dei hadde lært nye ting som andre ottadølar kunne dra nytte av. Somme jenter hadde lært seg finare kokking og saum. Gutane kunne ha vore med på skogsarbeid og gardsarbeid og sett at det kunne gjerast på ein heilt annan måte enn i Ottadalen.

Frå "Heim og bygd" 1987 v. Jon Kolden blir det attgjeve eit amerikabrev frå Rolf Olsen Gaupar i Coon Valley, datert 27. november 1865.



Ola Kummen (oppe på vogna) frå Skjåk fotografert i Nord Dakota. Ola var fødd i 1879, og reise til Amerika slik som brørne sine, Ivar, Karl og Erland. Ola jobba både som skogs- og farmarbeidar. Han og tvillingbroren Ivar reiste heim til Skjåk etter fleire år i statane. Ivar tok over garden og Ola arbeidde der fram til han døydde. Dei to andre brørne vart verande i Amerika. Erland dreiv gullsmidforretning, medan Karl bygde opp eit stort elektrisk firma. Han vart også norsk konsul i Canada. Foto utlånt frå fotoarkivet til Skjåk Historielag

Dette var rundt 10 år etter at dei fyrste reiste frå Ottadalen til Amerika. Rolf hadde da vore i Amerika i om lag 5 år.

Skal ein tru Rolf Gaupar, reiste han frå armod, klasseskilnad og vanvørndnad. Ikkje fordi han kom frå ein fattig husmannsplass, sia han var fødd på Sygard Gaupar som son til Ola Trondson Gaupar – kjend som "Gamel-gauparen". Rolf var ein av dei beste spelemennene i området midt på 1800-talet. Etter å ha vore uheldig og ikkje fått dei beste råda da familien kom til Amerika "kom jeg saaledes til at standse paa en ubekvem og mindre frugtbar Strækning af Landet, der gaves liden Fortjeneste og Arbeide formedelst at der indtraf 3 de paa hinanden mindre frugtbare Aar saa at Gaardbrugerne det sidste Aar avlede ikke saa meget Hvede at de vare bjærgede til sin egen Husholdning. Avlingen ødelagdes af en liden flue kaldes Kjeensbaag som lagde sig paa Roden av Vexten og tørrede den aldeles bort."



Da Rolf skreiv heim til far sin i 1865, hadde familien flytta til Coon Walley (adr. Cassebrug P. O. Varnon Co. Wisconsin) og slått seg i lag med ein farmar frå Biri. Avlingane var gode. Nå såg Rolf på livet med nye augo, og hadde eit optimistisk blick på framtida. Han hadde ingen skruplar med å tilrå dei heime å koma etter til "lovnadslandet": "Jeg finder mig nu meget tilfreds med min Reise til Amerika og i Særdeleshed naar jeg tager Hensyn til mine Børn saa synes jeg for deres Fremtid at have gjort det meget godt, ja langt bedre end skjænket enhver af dem mange hunder Daler. Amerika er i Grund et land som aldrig vil komme til at mangle hverken Arbeide eller Føde, her er mangfoldige slags Næringskilder og om det paa endeel Strekninger indtræffer Misvæxt.



Sylfest E. Galde, f. 1833 var soldat under heile borgarkrigen. Han reiste til Amerika i 1858 og var med å kjempe under heile krigen. Han kom heilt uskadd frå dei fem åra i uniform. Foto utlånt av Gerd Stee.



Foto frå Redwood-skogen i California i 1907. Skjåk er representert ved Ole Kvalheim lengst til høgre oppe på biletet og Ivar Brandsarbakken i kvit skjorte sitjande i treet. Truleg er også Sigvald Kvalheim med på biletet. Både Ole og Ivar kom til Skjåk att, medan Sigvald omkom i ei skogsulykke. Foto utlånt av Lars Kvalheim.

Jeg vil ønske at hver en fattig og sulten Person i Lom kunde været her saa har det ikke vildet mangle dem hverken Arbeide eller Føde ja de har endog villet fundet og erholdt mangt et godt Maaltid af det som her blive forspilt og bortkastet. ”

Rolf la ingen ting imellom når han tilrådde slektningane sine heime i Bøverdalen om å koma etter: ”Skulde nogen av Børnene til min Broder Ole Øyjordet have Lyst at reise til Amerika saa troer jeg at han vilde gjøre dem det største Gode for deres Framtids Vel vist han vil tillade dem og være dem behjelpelig til at kunne reise. Vist Gud vil give dem Hilsen saa vil de til al Sikkerhet, om ikke paa første Hand, saa dog inden kort Tid være glade for sin Hidkomst og erindre sine Forældre med stor Godhed og

Taknemmelighet som hjalp dem til denne Reise. Reisen er besværlig og tildeels Farefuld men kommer man lykkelig fram saa vil den mest være til fremtidig Nytte. Vil nogen at hans Børn komme hertil, saa maa de, om de vil, gjerne komme til mig og jeg skal være dem behjelpelig og sørge for dem saa godt jeg kan.

Da Torsten Andvord for omtrent 2 Uger siden er reist tilbage til Norge saa kan de som maatte ønske at reise til Amerkika henvende sig til ham, saa vil de vist kunne faa sikre og nøiaktige Underretninger herfra og han vil give dem Underretning om hvorledes de skal tage Veien for at komme til de Steder som de maatte have bestemt sig.”

Utvandringshistorie

Kari Storvik (78) har saman med mannen Steinar (79) markert seg med ein ustoppelig iver etter å finne ut av og ta vare på lokal historie. Bøkene "Draumen om eit betre liv" (1999) og "Dagar som aldri kjem att" (2001) inneheld eit omfattande historisk materiale og er viktige lokalhistoriske kjelder. I "Draumen om eit betre liv" tar Kari for seg utvandringa frå Vågå og Ottadalen, og følgjer desse både til andre delar av Norge og sjølsagt til Amerika. "Dagar som aldri kjem att" omhandlar mange forskjellige tema, men har også med fleire avsnitt om Amerika. I desse dagar er Kari i full gang med å avslutte skrivinga av bok nummer tre, som ho trur kjem til å heite "På heimveg". Her skildrar ho folket og livet i ei grend i heimbygda si, Vågå. Kari hadde ein far (Otto Bakke) som var svært historieinteressert. Så langt attende som Kari kan hugse, pratar han om folk om slekt og om det som har hendt i bygda – særleg i grenda dei kom frå. Otto hadde fire sysken som reiste til Amerika. To av desse reiste før han vart fødd, og det låg sterkt på han at dei aldri fekk sjå kvarandre. Kari vart så gripen av dette at ho sette seg som mål ein gong i livet å få ta turen for å sjå kor dei busette seg ned der ute på prærielandet. Dette resulterte i turar både i 1977 og 1988. Kari hadde Martinus Høgåsen som granne og lærar. Det gjorde nok også sitt til at Kari støtt har likt å grava i "gamaltidverda".

Steinar har vore levande interessert i lokalhistorie heilt frå barndomen av. Fyrst var det saman med mora Marit han studerte tidlegare tider, og så vart det altså saman med Kari. Steinar viser oss mellom anna heider han har fått frå Landslaget for lokalhistorie, Norsk etnologisk granskning og Institutt for Kulturhistorie i 1996 for minne han har skrive ned frå heimkretsen sin. Kari har også vore med og skrivi ei slektsbok saman med folk i Amerika, der dei har tatt for seg dei fire syskena til faren som reiste over og alle etterkomarane etter dei. Ho har levert fleire artiklar til "Gåmålt og nytt frå Sel" om folk frå Sel som braut opp frå heimbygda. Saman med brørne sine har ho gjeve ut eit hefte som presenterer portrett, måleri og måling etter faren Otto. I 2000 gjorde ho frå seg eit stadnamnprosjekt for Vågå kommune. I 2002 vart Kari heidra med Kulturprisen for Vågå – noko ho sette stor pris på.

Det er samla mykje kunnskap og materiale om mellom anna utvandringa til Amerika hjå Kari og Steinar Storvik på Tessanden. Arbeidet dei to har gjort og gjer saman med fleire gode medhjelparar, er eit svært arbeid for vår og ikkje minst komande generasjonar. Dette er eit arbeid som blir meir og meir verdsett etter som tida går.

Haustfesten – ein møtestad i norsk-amerikansk kultur og slekts historie

Haustfesten i Minot, Nord-Dakota er ei stor mønstring av norskamerikansk kultur, og ikkje mist eit gedigent slektsstemne. Festen går føre seg i det tjukkaste "Ottadalsområdet" i Nord-Dakota og samlar kvart år 80 000 tilreisande frå heile verda. Dei aller fleste er sjølsagt amerikanarar med norske anar. Minot ligg ikkje langt frå grensa til Canada, og haustfesten er derfor mykje vitja av tilreisande frå Canada også.

Haustfesten har vore eit reisemål for mange ottadølar, og mang ein har fått den lenge etterlengta amerikaturen sin realisert med ein tur til Minot desse oktoberdagane. Festen går over fire dagar, og er i realiteten eit stort slektsstemne. Her blir det hengt opp skilt med etterlysing etter egne røter, og slektingar møtest for fyrste gong. Folk går med buttons på bringa der det står "Who are you?". Haustfestena, med aktivitet i fem store hallar, legg til rette for at deltakarane kan utforske sine egne slektsrøter. Det er ei rekkje kulturelle aktivitetar – og ikkje minst salg av norske og amerikanske varer.



Det er samla mykje kunnskap og materiale om mellom anna utvandringa til Amerika hjå Kari og Steinar Storvik på Tessanden. Foto: Visus



God, gamaldags kjøtsuppe og vaflar står sjølsagt på menyen under haustfesten i Minot. Foto: Eldri Bakke

Frå husmannsplass i Medalen til homestead i North Dakota



Slik såg det ut i Medalen i Bøverdalen i 1880-åra. Folketalet var tredobla på 200 år. Talet på husmenn var fordobla, og fattigdom og armod breidde om seg. For dei som ikkje skulle arve, var det nærmast umogleg å skaffe jord på annan måte. Einaste utvegen var å prøve lykken i Amerika. Bildet er teke av Axel Lindahl i 1880-åra. Foto utlånt frå Norsk Folke-museum

Svært mange av ottadølane som emigrerte busette seg i område der det budde andre ottadølar. Her kjem ei historie om korleis eit ottadalsdominert område har utvikla seg frå den fyrste busetjinga og fram til i dag.

Som vi har vore inne på tidlegare i denne temadelen, var det fleire som emigrerte til Amerika frå Lom enn frå dei andre ottadalsbygdene. Den omfattande utvandringa av husmenn frå Medalen og Bøverdalen til Nord-Dakota var heilt sikkert med på å påverke denne statistikken.

Dersom vi går gjennom listene over utvandrande personar frå Lom frå 1854 og fram til folkevandringa avtok rundt 1920, finn vi svært mange namn frå Medalen og Bøverdalen. I åra 1857-1860 reiste 98 personar til Amerika. 79 av desse var medølar eller bøverdølar. Berre i 1866 reiste heile 133 lomværar til Amerika. Om lag halvparten av desse hadde bøverdalsnamn. Det same gjaldt i 1880.

Av 144 som reiste, var 62 medølar og bøverdølar. Eit anna "toppår" var 1903, da halvparten av dei 121 som reiste frå Lom, var bøverdølar. Det er registrert i alt 91 husmannsplassar frå Lom sentrum og opp til Mundhjeldsbrua øvst i Bøverdalen. Dei aller fleste av desse budde det folk på rundt midten av 1800-talet. Seinare fann mange herifrå vegen til Amerika og Nord-Dakota.

Gratis prairiejord

Det var særleg lovnaden om gratis prairiejord som freista, og det kom rapportar attende om farmar så store som heile grender i heimbygda. Store gardar her vart berre småbruk i Amerika. Der var det berre å setje plogen i jorda. Den steinen som fanst, var liten, og ikkje var det nødvendig å gjødsle jorda. Der var det ingen standsskilnader på folk, og kvar enkelt vart vurdert etter det dei dugde til. Jenter var kanskje komne "i ulykka" her heime og reiste på grunn av det. Heile slekter vart vanrykta. Der borte var alle like og frie.



Petersburg var ein viktig samlings- og handelsstad for bøver-dølane i Adler Township. Svendseid & Knold selde materialar, bensin og elles det meste folk rundt byen hadde bruk for. Petersburg Lutheran Church hadde same presten som m.a. Lomskyrkja litt lenger sør i Nelson County. Bildet er teke i 1909 frå nord mot sør frå området der jernbana og elevatoren (mølla) låg. Butikkane var viktige møtestadar også i Nord Dakota og mange nordmenn var i arbeid bak diskane. Bildet frå inne i butikken er også teke i 1909. Foto frå Petersburg er utlånt av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Foto frå forretning: www.rootsweb.com/~ndnelson



Adler Township

I Nord-Dakota utvikla det seg i eit område ein koloni med bøverdølar, som etablerte seg med eigne farmar – Adler Township i Nelson County. Her var det fleire titals, store farmar som var eigd av og hadde namn etter folk som hadde reist frå husmannsplassar i Medalen i Bøverdalen. Vi veit ikkje korleis og korfor dei fann fram til akkurat dette området i Nord-Dakota. Dei fyrste kom hit så tidleg som på 1850-talet. Liknande koloniar var det mange av rundt om kring i Amerika der dei fyrste pionerane slo seg ned og utforska området midt på 1800-talet for så å få etter fleire og fleire frå heimstaden i Noreg.

The Homestead Act (1862) gjorde det mogleg for alle å få tildelt areal. Dei måtte da bu på området i fem år og få bygt eit hus. 10 acres eller vel 40 mål skulle dyrkast opp.



Drifta på farmane gjekk fyrst og fremst i korn. Det var kveite, bygg, havre og "flacs" – blå blomar det vart laga olje av. Denne måtte etter kvart vike plassen for solsikka. Lin vart også dyrka. Farmarane hadde kyr, høns og gris til eige bruk. Jorda var fin, djup og svart – mest utan stein, men jordekorn kunne vera til stor plage og øydela mange avlingar. Foto utlånt av Kåre Asen.

Seinare fekk setlarane lov til å ta enda 80 acres ved å plante tre på minst 10 av desse. Til saman kunne dermed kvar farm bli på 90 acres eller ca 320 mål. Rundt århundreskiftet var det framleis rikeleg med såkalla State Land i Adler Township. Men etter kvart vart alt arealet disponert - enten til farming eller til offentleg bruk som kyrkjer og skular.

Præriejord som bygningsmateriale

Tømmeret var svært dyrt da dei fyrste tok homestead i Nord-Dakota. Den jomfruelege præriejorda fungerte som byggemateriale. Rundt "huset" vart det pløgt opp. Torva vart brukt som bygningsmateriale. Området som vart pløgt opp fungerete som vern mot dei mange præriebrannane som herja området. Vintrane kan ofte vere harde og kalde og var sikkert vanskelege å kome gjennom. Somrane kunne vere tørre og avlingane så som så. Særleg var 1920-åra vanskelege med ekstremt lite nedbør og mykje vind. I tillegg gjorde grashoppesvermar stor skade. Svermane var så enorme at dei heilt dekte for sola når dei invaderte området. Farmarane fekk lite for produkta sine samtidig som prisane på forbruksvarene og skattane gjekk opp.



Tresking på ein farm i Adler Township i 20-åra.
Foto utlånt av Kåre Åsen.



Farmarar i Adler Township i 1954. Bak står Sevald Hanson, Ola Odegard, Hans Kroken (på vitjing hjå syster si, Embjørg), Marit Borgen, Kari Repp og Emma (Embjørg) Hanson. Fremst sit Jacob Aasen, Per Repp, Marit Borgen og Gudbrand Aamodt.
Foto utlånt av Aud Kroken.



Huset til Mary (Marit) Anderson og Theodore Borgen i Adler. Her er dei saman med Clara, syster til Theodore, og mannen hennar, Tom Myhren, som kom til Adler i 1903. Bildet er teke tidleg på 1900-talet og henta frå boka Nelson County History.

Mange måtte gje opp farminga desse åra. Ikkje før mot slutten av 1930-åra kom vendepunktet med nye og meir tilpassa kornsortar, betre dyrkingsteknikkar og meir moderne motorisert utstyr.

Møllene og jernbana var livsnervene

Jernbana var ein livsnerve gjennom området og dei små landsbyane i området var bygde opp rundt møllene – “the elevators” der kornet vart levert. “Byane” McVillie, Petersburg, Niagra, Aneta, Kloten, Pekin, Hamar og Tolna, som alle hadde berre nokre få hundre innbyggjarar, var møtestadar og handelssentra. I butikkar, barar og på mølla var det mange nordmenn som arbeidde, og samtalene gjekk også her på gamlespråket. Når ein fyrst hadde kome fram til Adler Township, fanst det med andre ord ingen språkbarrierar. På den måten var reisa til det ukjende kanskje ikkje eit så stort steg å ta likevel.

Bøverdalslekt i Adler

Vi har forsøkt å laga ei oversikt over alle dei slektene frå Lom og særleg Medalen/ Bøverdalen som slo seg ned akkurat i Adler Township. Her har vi delvis fått hjelp frå kjentfolk, og delvis nytta oss av informasjon frå boka Nelson County History, bokverket som omtalar kvar enkelt familie i alle kommunane i Nelson County.

Mundhjeldsfarmane. Dei tre brørne Sever, Erik og Gabriel reiste alle frå Bøverdalen til Amerika rundt århundreskiftet og hadde kvar sin farm i Adler. Dei vart gift med kvar si syster frå Borgen. Sever g.m. Annie Borgen, Erik g.m. Lena Borgen og Gabriel g.m. Lizzie Borgen. Dotter til Sever og Annie, Sadie, vart gift med Ehler Reimers og tok seinare over. Dotter til Erik og Lena, Stella, vart gift med Norbert Mayer og tok over den farmen. Gabriel og Lizzie hadde ikkje barn.

Jacop **Aasen** reiste til Amerika så seint som i 1915. Etter å ha arbeidd både i Nord-Dakota og Canada i nesten 20 år, kjøpte han farmen av Ole Alfson. Denne farmen selde han til Louis og Mildred Larson i 1945. Etter å ha vore heime i stund, kjøpte han farmen til John P. Johnson, som han dreiv til han gjekk bort i 1970.

Kvammefarmen vart kjøpt og driven av Ola (Ole) Odegaa. Han fekk fleire søner, som alle opparbeidde sine eigen farmar eller leigde jord i Adler Township. Tom (Torstein) Kvamme reiste frå Lom i 1872 og arbeidde i Wisconsin i to år før han reiste vidare til Adler og fekk



Nord Dakota, som ligg midt inne i landet heilt opp mot grensa til Canada, er delt inn i til saman 53 "Countys". Avstanden frå grensa mot Sør Dakota i sør og opp til riksgrensa mot Canada er det ein avstand som tilsvarer Oslo - Trondheim. Nelson County og Adler Township ligg på rundt 48 ° nord like langt sør som Paris.

Nelson County (fylke) låg heilt mot aust i Nord Dakota og var delt opp i 26 Townships (kommuner). Ei av desse var Adler Township, som så mange Bøverdøler tok Homestead i rundt århundreskiftet. Som det går fram av karta, var det ein firkantet inndeling av arealet og grensene. Prærien var tilnærma flat.

Kartet over Adler Township var igjen inndelt i firkantar som vart tildelt settlarane etter kvart som dei kom til område. Etter the Homestead Act vart vedteken i 1862 vart det tildelt 10 acres eller vel 40 mål som skulle dyrkast opp og det skulle byggjast hus. Seinare fekk settlarane kunne få tildelt enda 80 acres eller 320 mål. Dette kartet er slik farmane var inndelt i 1981 og er henta frå boka Nelson County History.

tildelt grunn. Der gifte han seg med Mary (Magnhild) **Slaalien** f. 1866, som hadde kome til Adler via Butterfield Minnesota.

Gilbert (Guttorm Lillehaugen) **Larson** hadde home-stead i Adler saman med kona si Kari (Carrie) Andersen. Denne farmen tok sonen Albert over. Denne farmen og farmen til broren Louis var nabofarmar.

Gilbertsenfarmane, som tvillingane Sever og Gilbert dreiv. Også to andre brør, Ralph og Otto, hadde kvar sin farm i Adler. Søstra Bertha var gift med Ole Odegaard på Kvammefarmen. Foreldra var Gudmund **Odden** Gilbertsen og Brit **Steinteigen** frå Runningom i Bøverdalen. Gudmund og Brit homesteada i Adler i 1893.

Per Repp (Pete Reep) reiste til Amerika i 1914 saman med syster Embjørg og kjøpte farmen sin av Nels Alfsen i 1929 (bror til Ole, som Jakob Aasen kjøpte farmen sin av). Per farma saman med bror sin i starten.

Pedersenfarmen var eigd av Andreas (Andrew) **Tandestuen** frå Medalen. Andreas var son til den kjende Per Spelmann. Pedersennamnet har sitt opphav frå han. Kona til Andreas var frå Borgen. Dei hadde tre søner: Palmer, Oscar og Meldvin. Jo (John)

Anderse(o)n, som var son til Anders Johnsen og Marit Olsdatter Visvollen, flytte til Nord-Dakota i 1893. Familien budde på forskjellige husmannsplassar i Medalen (Engjom, Visvollen, Stigen, Søregard Øyjordet og Glømsdalsøya). Seinare reiste også tvillingane Embjørg/Emma og Marit/Mary og Kari til Amerika. Embjørg vart gift med Sevald Hanson som var fødd i **Stein** Medalen. Sevald kjøpte farmen sin av Gilbert Gilbertson sr. og kona Kari Repp i 1912. Dei reiste attende til Norge i 1914. Marit var gift med Theodor Borgen og Kari gift med Gilbert (Guttorm) Larson. Yngstebror Ola var også i Amerika nokre år, men kom heim att i 1914.

Borgafarmane var det fleire av. Lars Borgen f. 1845 og kona Sigrid (**Vole**) reiste fyrst til Wisconsin. Dei homesteada seinare i Adler i 1888. Dei hadde desse barna: Theodore g.m.

Mary Anderson, Annie g.m. Sever Mundhjeld, Leva g.m. Erik Mundhjeld, Lizzie g.m. Gabriel Mundhjeld, Clara g.m. Tom Myhren og Leo. Dei fleste av desse vart buande i Adler Township. Gilbert **Aamodt** frå Bøverdalen f. 1889 arbeidde på forskjellige farmar i Adler Township.

Nils **Alfson** emigrerte til Adler tidleg på 1890-talet og tok homestead. Broren Ole budde det meste av livet saman med Nils. Ole **Christianson** frå Lom kom i 1898 og farma saman med kona Rena Berg.



Lom Lutheran Church. Foto utlånt av Kåre Åsen.



Samfunnet i Adler Township var godt utstyrt med skular. Området hadde heile tre skular. Den fyrste starta opp undervisning alt i 1882. Her Adler School no. 2 som dei fleste lomsætta sokna til. Foto utlånt av Kåre Åsen.

Anna **Odden** frå Bøverdalen f. 1875 gifta seg med dansken John Frandsen og kjøpte "Ekrom-farmen" i 1913. Anna sydde klær på oppdrag. Sylfest og Tora **Hagen** og Gilberg Hagen kom frå Lom og tok homestead i 1889.

Marie **Slaalien** f. 1901 vart gift og bygde opp ein farm saman med Charley Johnson frå Larimore.

Anna **Alfson** frå Lom homesteada land i Adler tidleg på 90-talet. Anna var med på å stifte Lom Lutheran Church, og var den fyrste leiaren av Ladies Aid. Ho gifta seg med Andrew Lunden og flytte til farmen hans.

Louis **Moen** kom til Amerika alt som 13-åring saman med foreldra og brørne Ole, Thorsten og Tore og systrene Ingrid, Marit Gunda og Mamie. Etter å ha budd ei stund i Minnesota, reiste han vidare til Adler i 1896 og tok homestead. Der gifta han seg med Anna Severson.

Thorsten O. **Moen** var fødd i 1833. Han kom til New York i juni 1893 saman med kona Marit Borgen, og dei fekk i alt åtte barn. Dei gjorde krav på land i Adler i 1903.

Thorsten G. (Tom) **Myhren** f. 1884 var son til Gudbrand og Anna Myhren i Bøverdalen og kom til Adler i 1903. Clara Borgen, f. 1888 i Viroqua Wisconsin, var dotter til Lars T. og Sigrid Borgen. Ho kom til Adler saman med foreldra sine og gifta seg med Tom Myhren i 1911.

Andrew **Pederson** emigrerte i 1893 frå Lom og reiste til Adler via New York. Der fekk han tildelt land det same året. Seks år seinare gifta han seg med Marit Borgen, som kom til Amerika i 1896 saman med syster si. Erik og Sigvald Pederson og Olaus og Thor Haugen var alle brør av Andrew Pederson. Erik kom til Adler rundt 1900 og kjøpte farm nær Adler School nr. 3. Sigvald var bygnings snekker og budde mykje av livet i Adler.

Thorston og Ingrid **Sonstnanes** var truleg også frå Lom og kom til Adler i 1891.

Folketalet i Nelson County og Adler Township har hatt ei spesiell utvikling. Da dei fyrste pionerane slo seg ned i området midt på 1800-talet, var det ikkje fastbuande i området – berre prairieindianarar (Sioux – eller Dakota, Cheyenne, Pawnee og Arapaho.) Etter at nordmenn og andre oppdaga området, steig folketalet raskt på 1800 – og utover på 1900 talet med ein topp rundt 1910-1930. Etter dette har utviklinga gått berre ein veg – nedover. Folk reiser frå Adler Township og dei andre kommunane i Nelson County. Att står fråflytte farmar og veldige areal med kornåkrar.

	1885	1900	1910	1920	1930	1940	1950	1960	1970	1980	1990	1994	1999	2000
Innbyggjartal Nelson County:	3031	7316	10140	10362	10203	9629	8090	7034	5776	5241	53	4064	3656	3715
Innbyggjartal Adler Township:		226										51	47	47

Det sosiale liv i Adler

Kyrkja var sentral i kvardagen i Adler Township. I tillegg til gudstenestene var det eit omfattande organisasjonsliv med utgangspunkt i kyrkja. Lom Evangelical Lutheran Congregation vart stifta rundt 1900. Den fyrste Lom Lutheran Church vart bygd på farmen til Lars T. Borgen i 1900. Kyrkja vart seinare seld og flytt til Theodor Borgen som innhus, og ny Lom Church vart bygd på same staden i 1922. Denne kyrkja brann ned i 1949, og ei tredje kyrkje stod klar i 1953. Mange nordmenn som har vore over og besøkt slektningane sine i Amerika, har vorte mottatt og vist rundt i denne kyrkja. Mange norskætta har fått sin siste kvilestad på kyrkjegarden i Adler. Altartavla i denne kyrkja er måla av Svanhild Røhr frå Lom.

Lom Sunday School vart formelt stifta i 1939, men hadde aktivitetar heilt sidan rundt 1910.

Lom Ladies Aid vart starta så tidleg som i 1899, og hadde regelmessige møte med pengeinnsamling til velgjerande føremål som hovudaktivitet. Lom Ladies Aid vart seinare innlemma i Womens Missionary Federation og så til slutt i Lom American Lutheran Church Women. Dei norske damene i Adler var sentrale i arbeidet her.

P.A.N Homemakers Club samla kvinner som arbeidde med husflid og handverk. Husmødrene samlast rundt omkring i heimane. Handarbeidet vart delvis selt til velgjerande føremål.

4-H Club hadde dei sjølvsagt også i Adler. Jentene lærte seg fyrst og fremst kjøkenstell, og gutane fekk innføring i gardsdrift.

Skulebygga var brukte som forsamlingshus der folk møttest til kortspel, dans og andre sosiale syslar.

150 år med nordmenn

Frå dei fyrste emigrerte til Nord-Dakota og Adler Township for 150 år sia og fram til i dag har det vore ei eventyrleg utvikling i området. Dei som kom til Amerika, slo seg naturleg ned så nær austkysten som mogleg og etablerte seg gradvis vestover. Nord-Dakota ligg heilt nord i USA, og Nelson County heilt aust i staten. Ein del oppsøkte Wisconsin fordi naturen der likna meir på naturen her i Ottadalen.



Harald Sletten og Kåre Åsen på farmen til Per Repp i 1951. Kåre Åsen bur nå i Medalen. Han reiste i 1951 til onkelen Jakop Aasen i Adler Township. Da var han 17 år gammal. Året før hadde kamerat og jamaldring Harald Sletten reist over til Adler og var i arbeid hjå sin onkel Per Repp på nabofarmen. Kåre har vore "over dammen" og vitja gamle trakter fleire gonger seinare. Da desse to kom til Adler, var det lomsmålet som vart brukt, ispedd eitt og anna amerikansk ord, som det ikkje var uttrykk for på norsk. I dag er det ikkje mykje att av husa på farmen (over). Foto utlånt av Kåre Åsen og Sigmund Husom.

Avfolking og nedlegging

I løpet av 50 år var området rundt Adler Township folkesett av norske settlarar, som danna eit nytt samfunn i eit område der det aldri før hadde budd folk fast. I dag er det ikkje mange av desse att i området.

Utviklinga liknar mykje på den vi finn i utkantane her til lands, med avfolking og nedlegging av infrastruktur. Nokre norskætta driv farmane sine i Adler framleis (Gilbertson og Borgen), men dei aller fleste farmane er selde, og blir nå delar av kjempestore fellesbruk der det blir dyrka korn i stor skala. Drifta av jorda har vore gjennom ei veldig modernisering. Mange av bygningane som for berre 50 år sia husa familiar og danna grunnlaget for eit sosialt levande samfunn, ligg i dag brakk og forfell.

Etterkomarane etter ottadølene i Nord-Dakota er nå spreidde for alle vindar. Eit paradoks er det at stadig fleire av desse etterkomarane blir fanga av interessa for å følgje i fotspora heim etter medølane som rømde frå armoda i heimbygda på 1800-talet.



Kjelder:

- Kåre Åsen, som har vore til god hjelp i rekonstruksjonen av samfunnet i Adler Township
- Jorunn Kvale
- Jon Sæland: Nordre Gudbrandsdalen. Beretningen om en undersøkelsesreise, bekostet av selskapet til emigrationens innskrænking
- Skjåk 1966, utgjeve av Skjåk kommune i høve bygdajubileet i 1966
- Hans P. Hosar: Skjåk Bygdebok, band 3, historia 1798-1914
- Arvid Møller: Jørgine Boomer. Husmannsjenta fra Bøverdalen som ble millionær og vertinne på Waldorf-Astoria i New York.
- Kari Bakke Storvik: Draumen om eit betre liv
- Vågå - sagt og skrivi gjennom ti'in 1993
- Ingrid Semmingsen: Utvandringen og det utflyttede Norge
- Ingrid Semmingsen: Veien mot vest. Utvandringen til Amerika 1825 - 1865
- Ingrid Semmingsen: Veien mot vest. Utvandringen til Amerika 1865 - 1915
- Årbok for Dølaringen/Gudbrandsdalen 1932,

1938, 1953, 1959, 1966, 1973, 1974, 1975, 1979, 1982, 1966, 2002

- Gregor Kummen
- Frøydis Rambo
- Heim og Bygd 1990
- Gudbrandsdal og Amerika. 150 årsjubileet for den norske utvandringa til Amerika 1825 - 1975
- Per Kristian Sebak: Titanic 31 norske skjebner
- Per Kristian Sebak: Katastrofeskipet Norge - den glemte ulykken
- Hans Jakob Eide: Ottadalen
- Jarnfrid Kjøk: Husmannsvesen og levevilkår i Lom på 1800-talet, hovudoppgave i historie, 1976, UIO
- Knut Hamsun: Over havet (med skibet "Geiser" 1886) Rejsebrev i Dagbladet 1886
- Olav T. Kvaale: Gamalt frå Lom
- Arnfinn Engen m.fl: Utvandringa – det store oppbrotet
- Snøhetta forlag: Alle utvandrarar frå Lom til USA i åra 1854-1883
- Olav T. Kvaale: Gamalt frå Lom Folk og fylje tå alle slag
- Vågå - sagt og skrivi gjennom ti'in Mållaget Ivar Kleiven.
- Nelson County History, Larimor - Grafton
- Grand Forks
- www.ellisland.org
- www.time-passages.com
- www.ancestry.com/sites.inka.de/sahl/hamsun/biografi.htm Kirsten Hedvig Rasmussen
- www.oslo.net/historie/MB/utg/9527/kultur/11.html
- Norwegian-American Historical Assosiation www.naha.stolaf.edu/publications/volume23/vol23_7.html

Design, utarbeiding og ide: Visus, Lom.

Tekst: Visus, Lom.

Trykk: Østfold Trykkeri, Askim.

Foto omslag: detalj frå Gustav Wentzel sitt

"Utvandrere" måla i 1900, foto: O. Væring Eftf. As